

Kjetil Fossheim ny leiar i bondelaget.

19.11.2016



Det nye styret i Uskedal bondelag.

**Kjetil Fossheim frå Kalvatre vart vald til ny leiar då Uskedal bondelag hadde årsmøte på Kvinnherad Vekstbedrift fredag kveld. Det var 17 frammøtte på møtet, og før årsmøtesakene hadde dei temakveld Kraftfor, gjødel og såvarer med Stein Olav Ølvesteit og Egil Hervik frå Felleskjøpet som innleiarar.**

Kjetil Mehl frå styret i Hordaland bondelag var også med på møtet, og han informerte om arbeidet på fylkesplan. Før årsmøtesakene var det matøkt med skikkeleg bondekost, betasuppe, på menyen.

Ved valet vart Kjetil Fossheim (nr.2 f.h. på bildet over) vald til ny leiar etter Hans Reidar Kjærland som gjekk ut av styret etter 6 år. Dei andre i styret vart(f.v.) Tor Ove Haugland, Andreas Kristoffersen, Ragnhild Tennebekk Bjørke(ny) og Runar Myklebust. Uskedal bondelag har no 55 medlemmer.

Hans Reidar Kjærland og Olav H. Bringedal skal arbeida vidare med ei landbruksmelding for bygda for å synleggjera status i dag og framtidsbehov. Denne skal laggjast fram for medlemmene først før det er naturleg å ha den som tema på eit ope møte i Uskedal Utvikling på vårparten.

Bjørgulf Eik tok elles opp ei sak om korleis bondelaget kan hjelpe til med å skaffa lagringsplass til eldre landbruksreiskapar som høyrer til Rødtunet/Dønhaugsamlinga. Denne samlinga treng mykje plass, og det vart nemnt aktuelle stader der ein kunne spørja om plass.



Ein del av dei frammøtte på årsmøtet. Stein Olav Ølvestveit held føredrag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hans Reidar Kjærland